

Gudsteneste i Årdalen

Søndag 28. august var det for fjerde år på rad gudsteneste i Årdalen. Siste helga i august har dei tidlegare åra bydd på opphaldsver og ofte reine sommarveret. Denne søndagen var det regn og grått - derfor vart gudstenesta halden i stova på våningshuset. Dette vart likevel eit verdig kyrkjerom. Stovedelen av våningshuset vart bygt i Romsdalen som ei røykstove ein gong på 1700-talet, men seinare flytta til Årdalen. Det huset som står der no, er påbygt både i lengd og høgd.

Med kraftig regnver dei siste dagane var elva i Årdalen stor, men alle kom seg trygt over brua. Kari prest knytte dette opp mot at vi alle treng ei «bridge over troubled waters» når livet er vanskeleg.

Som tidlegare år hadde kyrkjelyden tonefylgje av Line Vederhus. Med vare tonar frå trompeten fekk både preludium og salmesong høgtid.

Kari prest heldt preike over teksten i Lukas 19, 41 – 48, der Jesus gret over den lagnaden som venta Jerusalem. «Det skal komme dagar då fiendane dine kastar opp ein voll rundt deg, kringset deg og trengjer deg frå alle kantar. Dei skal slå deg til jorda, og folket ditt med deg, og det skal ikkje liggja att stein på stein i deg, fordi du ikkje skjøna di gjestings tid».



Nokre tiår seinare vart Jerusalem hærsett og øydelagd av romarane, og jødane fekk ikkje landet tilbake før i 1948.

Ei sterk avslutning på gudstenesta vart det når Line Vederhus spelte «Gje meg handa di, ven, når det kveldar», medan kyrkjelyden høyrde sus frå ei frådande elv og havbåra som rulla mot land.

Aardalens Venner serverte deretter kyrkjekaffi og kringle, samstundes som det vart gjort greie for både gjort og planlagt arbeid i Årdalen.

Kyrkjelyden kunne gå dei ca. 1,2 km tilbake til parkeringsplassen på Skårbø i opphaldsver.

28.08.2011

th